

Ottar Sande
6146 ÅHEIM

Åheim 20.05.2013

Norges Vassdrags – og Energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Uttale i høve søknad om løyve til utbygging av Kasseelva Kraftverk, Vanylven Kommune, Møre og Romsdal fylke

I høve planar om utbygging av Gusdalselva i Almklovdalen har vi ein del merknader å kome med:

For det første tykkjer vi det er sterkt beklageleg at vi kjem så seint med i prosessen og at vi ikkje vert orientert om desse omfattande planane mykje tidlegare, i. o.m. at vi er grunneigarar. Eit eventuelt samarbeid må bygge på tillit. Heldigvis tok Johan Duestøl affære og har orientert Småkraft om at det fanst fleire grunneigarar som ville verte rørte ved denne omfattande utbygginga.

Dette vassdraget, og med det Kassefossen, var regulert også på 70-talet, og endå ei regulering vil redusere vassføringa ytterlegare, og ein kan då knapt kalle dette ein foss i det heile. Ein eventuell kraftstasjon ved Kassefossen vil øydelegge ein idyllisk fiskeplass som har vore brukt i generasjonar, dette har vore ein fredeleg plett og eit viktig rekreasjonsområde. Dette vil no verte endra for all ettertid viss det vert ei utbygging her.

Ei eventuell regulering av elva vil øydelegge for fiskebestanden. Fiskeplassar, rekreasjonsstadar og badeplassar vil forsvinne sjølv om det vil vere ei minste vassføring som det er sagt i konsesjonssøknaden. Eit unikt planteliv står også i fare for å forsvinne i juvet ovanfor Kassefossen viss ein byggjer ut vassdraget for straumproduksjon, dette går det fram av konsekvensutgreiinga som vi har fått presentert.

Som grunneigarar ser vi også at ei eventuell tilkopling på det eksisterande kraftnettet vil skape utfordringar når det gjeld skogs- og gardsdrift og det vil også verke skjemma med eit luftspenn på 320 meter og mastepunkt på vår eigedom. Det alternativet som er det minst øydeleggande er jordkabel, men dette vil skape vanskar ved ei eventuell oppdyrking av området, då ein må ta omsyn til ein så kraftig kabel ved nydyrking av området som er eit tidlegare kulturbeite på garden, og med det området som er best eigna til å dyrke opp, då resten av myra er eit svært vått område.

Denne utbygginga vil bety eit betydeleg inngrep i området, vi ynskjer difor ein kompensasjon i form av opparbeiding av ein skogsveg med dei standardar som desse typar vegar har i dag, og ein fast indeksregulert sum i året. Vi må også få framlagt ein fordelingsnøkkel som syner kva konkret ein kan forvente av ei slik avtale med Statkraft. Ein slik fordelingsnøkkel har ikkje vorte framlagt for grunneigarane til no, og vi ventar på ei slik snarleg avklaring.

Med helsing

Ottar Sande
Ottar Sande, grunneigar Kroken 54/1